


Åge Aleksandersen med "Levvå livet"



•• Åge Aleksandersen med Sambandet, trulegvis Noregs mest kjende rockeband, kjem til Uskedalsdagane i år. Med spelemannspris og gullplate lovar det godt for dansen i Uskedalen.

Slik vart Åge presentert i avisa om Uskedalsdagane 1984.

Det er 25 år sidan Åge Aleksandersen var i Uskedalen sist - under dei niande Uskedalsdagane. Spesialavisa som kom ut den gongen kunne slå fast at Åge med Sambandet allereie då i særklasse var Noregs mest kjende rockeband.

Med spelemannspris og gullplate lovar det godt for dansen i Uskedalen, skreiv avisa, som vi har fått låne av Berit og Kåre Guddal. Her vart det opplyst at Åge og Sambandet trakk fulle hus over heile landet og at Åge stod i ein særstilling mellom norske rockeartistar.

Under konserten ved skulen var Matti Røssland frå Husnes 'oppvarmar' for Åge og Åge uttala etterpå frå scena at det nok kom til å bli noko stort av den guten!

Etter at han som den første norske rockeartist vart tildelt Spelemannsprisen (Heidersprisen) har han vore 'krona rockekonge' i Noreg, skreiv avisa, som gjekk grundig gjennom karriera hans.

Det vart påeika at Sambandet med Åge i motsetnad til andre artistar spelte heile året, frå dei minste plassar til dei største byar og at dette sikkert hadde vore medverkande til mykje av deira popularitet.

Mellom anna vart det ein kan kalla signaturlåta 'Levva livet' omtala. Plata kom ut i februar 1984, altså like før Uskedalsdagane og plata vart også utgjeven i Sverige og Danmark. Og natt til laurdag tona ho nok ein gong ut over Uskedalen...

Tida har tilsynelatande stått stille rundt Åge.
Karrieren hans er og blir utruleg.

Av Ola Matti Mathisen